



Veka 42, 19. oktober 2022

President Anne Wiik Stamsø opna møtet med det filosofiske diktet »Tida går« frå *Du er så rar*, ei barnebok som Einar Økland (f. 1940) gav ut 1973. Det var ingen gjester, og ingen hadde bursdag denne veka.



Men det var fleire Tigris-innlegg. Hans Jacob Beck følgjer kurset *Rotary Leadership Institute*, og fortalte om den første samlinga i haust, laurdag 8. oktober, som hadde vore svært vellykka – profesjonell og velregisert. Edrund Olaisen fortalte om parkeringsproblem i samband med bedriftsbesøket hos NRK i Porsgrunn 28. september og om arbeidet med å fylle julebussen til Litauen.

24. oktober er *Verdas poliodag*, og Rolf Heimdal fortalte oss om stoda for poliomelitten. I 1988 var denne sjukdommen utbreidd over store delar av verda, men i 2020 stod det att berre to land, Pakistan og Afghanistan, takk vere innsatsen til Rotary og samarbeidspartnarar i desse åra. No er vi med andre ord snart i mål, og det er viktig å stå på for fullt heilt til verda er heilt poliofri. Det finst mange nettsider der ein kan lese meir om emnet. Ein grei stad å begynne er <https://www.rotary.no/no/polio>.



TIDA GAR

Tida går.
 Ar for år.

Har inga byrjing.
 Har ingen ende.
 Kan ikkje stoppe.
 Kan ikkje vende.

Tida går som ein royk og ein foss.
 Men den er ikkje kome lenger enn oss.

Tida kan ingen menneske sjå.
 Likevel er den her akkurat nå.



Rolf foreslo at at eit tema for peismøta neste veka kunne vere ein samtale om eit lokalt prosjekt som vi kan søkje om distriktsstilskot (*District Grant*) for. \$ 24.852 står til rådvelde for distriket. Han viste oss korleis ein skriv ein søknad – det er ikkje komplisert. I samarbeid med Halvor Thommesen viste han oss korleis ein går fram for å bli fast givar til TRF. Rolf var òg innom det spennande prosjektet One Dollar Glasses, <https://www.youtube.com/watch?v=y2mZmOqTCi8>.



Møtet blei avslutta med trekkinga i kveldens vinlotteri til inntekt for »End Polio Now«. Inge Kaggerud minnte oss heilt på tampen om at ifølgje primstaven er det no vinter. Vintersida på primstaven begynner med vinterdagen, 14. oktober, som er markert med ein vott.

Rolf Theil, 20.10.22.

